

REFERAT FRÅ MØTE 1 I SAMARBEIDSUTVALET 18.10.2023

Stad	Ågotnes skule	Dato	18.10.2023	Møtenr.	1/2023-2024
Referent	Magne Abelsen				
Til stades	Ane Rong (nestleiar FAU), Hege Algrøy (kasserer FAU), Thea Bringedal (repr. for elevane), Laila Nordvik og Aina Cecilie Kolstad (repr. for lærarane) og Tore Foldnes (rektor), Magne Abelsen (referent)				
Forfall	Oddvar Jacobsen (FAU-leiar), (politisk repr.), Haben Angesom og Emma Celin Knarvik (repr. for elevane) og Mette Bongom (repr. for andre tilsette)				

Tema	Kva	Oppfølging
Saker frå skulen	<ul style="list-style-type: none"> Elevundersøkinga - rektor orienterte om elevundersøkinga, der elevane skal svare på spørsmål om læringa og trivselen for elevane. Obligatorisk for 7.trinn, men vi gjennomfører for 5.-7.trinn. Det er frivillig for den enkelte elev, men ei oppfordring til at alle deltek. Gjennomføringsperioden er 6.11-8.12.23. Foreldreundersøkinga til UDIR blir gjennomført i perioden 06.11-20.12.23. Ågotnes skule gjennomfører for første gong. Miljøretta helseverngodkjenning - skulen har fått varsel om at vi ikkje får godkjent miljøretta helseverngodkjenning. Innspel frå FAU knytt til radon-målingane. Rektor forventar at eigedom vil gjere fleire målingar. Uteområdet – utbetringane skal ut på anbod. Det er eigedom som har ansvar for framdrifta i saka. Ordensreglementet – vi ser at vi må oppdatere ordensreglementet. Det kjem ny opplæringslov i august 2024 og vi tenkjer at då må ordensreglementet oppdaterast uansett, så vi ventar til neste haust. Toalett for elevane - skulen har hatt utfordringar knytt til tilgrising og tetting på toaletta. Utfordrande å finne gode løysingar for å få slutt på det. 	
Saker frå FAU	<ul style="list-style-type: none"> Spørsmål til rektor frå FAU - FAU ved leiar har retta nokre spørsmål til rektor på e-post. Rektor har svart ut og FAU gjekk gjennom svara i møtet i dag. Radon vart nemnt i saka over. SFO - det er ønskje om å ha nokre kreative innslag i SFO, t.d. instruktør i dans, utstyr og liknande. FAU ønskjer å få til eit slags «fond» der klassane og SFO kan be om midlar til tiltak dei ønskjer. Det kan vere aktuelt med eit møte og drøfte tiltak med SFO-leiar og skuleleiinga når SFO-leier er tilbake frå reise. Leksehjelp – kjem det folk? Ja, men ikkje veldig mange. Leksefri skule – uklart kva som eigentleg er ønskje i foreldregruppa. Det kom innspel i FAU om skulen bør bli ein 	

	<p>leksebevisst skule. Vi drøfta at det var viktig å ha fokus på læring og at dialog mellom skule og heim er viktig for å finne riktig nivå på leksene og unngå frustrasjon knytt til leksene.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Skulebiblioteket - FAU er glade for satsinga på skulebiblioteket og synest det var kjekt å høyre at Ågotnes skule vart trekt fram som eit aktivt og godt drifta bibliotek av ansvarleg for skulebiblioteka for Øygarden kommune. FAU lurar på om det kan vere aktuelt at biblioteket kan ta i mot bøker; evt. om biblioteket laga lister over populære bøker som dei kunne ta imot. • Førskuledagen - FAU har fått tilbakemeldingar om at informasjonen kring førskuledagen var noko uklar. Det var nokon som ikkje hadde fått med seg at det var møte i gymsalen medan elevane i klassane. • Mobiltelefoner - mobilhotell har blitt tatt opp på nytt i FAU. Det vart drøfta ulike utfordringar knytt til det å ha mobil på skulen. • Utleige av gymsalen – det må stå tydeleg at dei som leiger må ha med seg utstyr til bruk i gymsalen, evt. og til å rydde og vaske. Skulen vil gå gjennom teksten på sida og undersøkje kva som er tilgjengeleg av reinhaldsutstyr. • Bytedag – FAU arbeidar med å få til ein bytedag no i haust. • 17.mai-komiteen har konstituert seg. Det er mange som har vore med fleire år, som er med i år. Neste skuleår trengs det å få inn nye. • Disko – sosialkomiteen inviterer til disko neste fredag 27.10. 	
Saker frå SFO	Ingen saker	
Saker frå elevrådet	Ingen saker	